

Vedlegg 1:

Tilskotsordningar – Klimaomstilling

Tilskotsordningar for klimaomstilling i Vestland:

1. Tilskot til kommunale klimatiltak
2. Tilskot til lokale klima -og miljøtiltak
3. Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

(NB: Endringar i omtale av tilskotsordninga frå 2020 til 2021 er merka i blå skrift.)

Omtale av tilskotsordningane:

(1) Tilskot til kommunale klimatiltak

Føremål med ordninga

Vestland fylkeskommune har sett seg ambisiøse klima- og miljømål i Utviklingsplan for Vestland. Vi skal ha klima og miljø som premiss for samfunnsutviklinga, der vi mellom anna skal vere pådrivar for klimaomstilling og nullutslepp innan 2030. Dette er ambisiøse mål og vi lukkast ikkje utan eit godt samarbeid med kommunane. Vi ynskjer no å legge til rette for at kommunane får ekstra støtte til gode planprosessar for å følgje opp dei regionale ambisjonane.

Undersøkingar gjort ute i kommunane viser at over halvparten av kommunane i Vestland planlegg å utarbeide kommunale klima- og miljøplanar. Dette ynskjer vi å støtte. Tilskotsordninga skal stimulere til klimaarbeidet i kommunane i Vestland, samt støtte opp om dei kommunale planprosessane som no er i gang eller i oppstartsfasen. Midlane skal nyttast til utvikling og gjennomføringa av klimaarbeidet i tråd med nasjonale og regionale innsatsområde, men med utgangspunkt i lokale behov.

FN sine berekraftsmål skal ligge til grunn for planlegginga i Vestland fylke. Ivaretaking av naturmangfald og intakte økosystem er positivt for klima. For at klima og miljø skal vere eit premiss for samfunnsutviklinga i regionen ynskjer vi eit auka fokus på samspelet mellom natur og klima, og integrasjonen mellom naturmangfald og klimaomstilling. I klimaomstillingsomgrepet legg vi samfunnsendring på vegen til eit nullutsleppssamfunn, der samfunnet både reduserer klimagassutsleppa og klimatilpassar seg.

Kven kan søkje

Alle kommunane i Vestland fylke.

Søknadsfrist

Søknadane vert handsama kvar vår, søknadsfrist vert tilpassa politisk møtekalender.

Korleis søke

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider (lenke ved publisering). Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

Søknaden må innehalde

- Kort omtale av kva kommunen ønskjer å nytte tilskotsmidlane til, inklusive målsettingar og relevans for føremålet med tilskotsordninga
- Plan for gjennomføring og vurdering av forventta effekt
- Framdrift og finansieringsplan/ kostnader
- Søknadsbeløp

Kva kan få støtte

Vi kan støtte ulike deler av planprosessen knytt til klima- og miljøplanlegging (inkl.energi og naturmangfald) i kommunar i Vestland. Midlane skal nyttast til å understøtte mål og strategiar i tråd

Vedlegg 1: Tilskotsordningar for klimaomstilling i Vestland

med Regional plan for Klimaomstilling i Sogn og Fjordane 2018-2021 og Klimaplan for Hordaland 2014-2030, samt overordna mål og strategiar i Utviklingsplan for Vestland.

Midlane kan nyttast innan eitt eller fleire av innsatsområda under:

- 1) **Kunnskap.** Kommunen kan søke støtte til å auke kunnskapsgrunnlaget i oppstartsfasen til planarbeidet. Dette kan bidra til å sikre best mogleg utgangspunkt for arbeidet med klima, miljø, naturmangfald og energi i kommunen.

Eksempel på områder vi kan støtte:

- Klimafotavtrykksanalyse for kommunen
 - Framskrivning av klimagassutsleppa i kommunen
 - Naturmangfald
 - Kartlegge økosystem og arealbruk med særskilt betydning for klimatilpassing (eks. Våtmark, myr, elvebredder og skog)
 - Områder for opptak av CO₂
 - Økosystemtenester
 - Klimarisiko, inkl. klimatilpassing
- **Medverknad og prosess.** Vi kan støtte møter og/eller arrangement for samskaping, mobilisering og medverknad mellom kommunen og ulike deler av kommunesamfunnet. Søknaden må skildre kvar i planprosessen dette er tenkt gjennomført, kven som skal delta, og korleis innspela er tenkt å styrke kommunen sitt planarbeid.
 - **Gjennomføring.** Vi kan bidra med tilskot til gjennomføring av klimatiltak, både til utsleppsreduksjon og klimatilpassing. Det er krav til at tiltak er oppfølging av ein klimaplan, handlingsprogram eller kommuneplanen sin samfunnsdel. Det vert også gitt støtte til klimatilpassingstiltak, dersom desse tiltaka går utover det som er lovpålagt.

Vilkår for tildeling

Kommunen må levere rapport på aktivitetar og måloppnåing i tråd med tilskotsbrevet.

Normalt støttebeløp er maksimalt 200 000 kr og inntil 50 % av total kostnad. Kommunen må ha eigen finansiering, men dette kan vere i form av eigeninnsats (spesifisert i standardvilkår for fylkeskommunale tilskot). Fleire kommunar, interkommunale selskap eller kommunale føretak kan gå saman om å søkje, og støttesummen kan då vurderast auka opp.

I særskilde høve kan høgare løyvingar vurderast. [Søknadar som støttar opp under dei tre tilskotsordningane; klima, folkehelse og by- og stadutvikling samstundes vil vi vurdere særskilt.](#)

Prioriteringskriteria

- Ambisjonsnivå for klimaomstilling
- Gjennomføringsevne
- Overføringsverdi til andre
- Tiltak identifiserte i kartleggingar der kommunen inngår, i kommunal plan eller politiske vedtak vil bli prioritert.
- Ordninga er meint som eit supplement til statlege støtteordningar som Klimasats og Enova. Tiltak som ikkje fell under andre ordningar vil bli prioritert.

Avgrensing

Tilskotsordninga dekkjer ikkje støtte til ladeinfrastruktur for el-bilar.

Eksempel på tidlegare mottakarar:

- Stord kommune – Kick off for «Operasjon nullutslepp 2030»
- Vik kommune – Sats på sykkel, prosjekt for auka bruk av sykkel hjå innbyggjarane i Vik
- Gloppen kommune – Kompetanseheving om utsleppsreduksjon
- Sunnfjord kommune – «Grøn tråd» i bygg- og eigedomsforvaltninga i kommunen

(2) Tilskot til lokale klima- og miljøtiltak

Tilskotsordninga skal fremje lokale initiativ til handling for ei berekraftig utvikling av fylket. Det blir gitt støtte opp til 50 000 kr for gjennomføring av prosjekt eller tiltak. Det kan normalt gjevast inntil 50 % av total kostnad.

I særskilde høve, m.a. [der fleire samarbeider om gjennomføring](#), kan høgare løyvingar vurderast.

Kven kan søkje

Frivillige lag, organisasjonar, grendelag, velforeiningar.

Søknadsfrist

Søknadane vert handsama kvar vår, søknadsfrist vert tilpassa politisk møtekalender.

Korleis søke

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider ([lenke ved publisering](#)). Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

Vilkår for tildeling

Ordninga omfattar prosjekt innanfor miljø, klima, natur og biologisk mangfald. Konkrete, handlingsretta tiltak og haldningsskapande arbeid vil bli prioritert.

Søkjalar som får innvilga tilskot, skal levere kortfatta rapport for bruk av tilskotet i tråd med tilsegnsbrevet. Ufullstendige søknadar vert ikkje handsama.

Dette støtter vi ikkje:

- Installasjon av varmepumper eller anna etablert teknologi
- Installasjon av ladeinfrastruktur til elbil hjå private eller i burettslag
- Innkjøp som allereie er gjennomført/bestilt
- Søknadar frå private verksemder

Søknadar som vert prioritert er

- Bidreg til å mobilisere til handling
- Prosjekt som kan vise til effekt på tema som ordninga omfattar
- Prosjekt som kan vise til direkte oppfølging av regionale klimamål
- Tek i bruk ny teknologi og løysingar
- Når ut til innbyggjarar i Vestland
- Tilskotet har utløysande effekt
- Tiltak/prosjekt med overføringsverdi til andre

(3) Tilskot til drift av miljøorganisasjonar

Føremål med ordninga:

Formålet med tilskotsordninga er å fremje lokalt engasjement for miljø, klima og natur i fylket. Tilskotet kan gå til driftsstønad.

Kven kan søkje:

Miljøorganisasjonar i [Vestland](#) som jobbar med klima [og/eller](#) miljø.

Søknadsfrist

Søknadane vert handsama kvar vår, søknadsfrist vert tilpassa politisk møtekalender.

Vedlegg 1: Tilskotsordningar for klimaomstilling i Vestland

Korleis søke

Søknad skal sendast inn ved bruk av søknadsskjema på fylkeskommunen sine nettsider (lenke ved publisering). Teksten som søkjaren må fylle ut i kvar kategori kan skrivast kort og konsist. Innhaldet kan utdjupast i vedlegg til søknaden.

Vilkår for tildeling

For å kunne få tilskot må ein dokumentere at ein arbeider med konkrete prosjekt og haldningsskapande tiltak for klima og miljø. [Søklar må vise til kva delar av Vestland deira aktivitet finn stad. Miljøorganisasjonar som kan vise til medlemmar og/eller aktivitet i større geografiske områder i Vestland vert prioritert.](#) Søklarar som får innvilga tilskot, skal levere rapport i tråd med tilskotsbrevet. Organisasjonar som ikkje har rapportert innan fristen vil ikkje få søknad for etterfølgjande år handsama.

Dette støtter vi ikkje:

- Drift av private verksemder

Eksempel på tidlegare mottakarar:

- Naturvernforbundet Sogn og Fjordane
- Naturvernforbundet Hordaland
- 4H